



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1970

Navnet på vatnet Tømmervikvatnet  
Kommune ..... Karmøy

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## T Ø M M E R V I K V A T N E T.

Fiskeanalysen vart foreteken den 15. sept. 1970.

Vatnet ligg i Karmøy kommune, ca. 7-8 km nord for Skudenes, og ca. 700 m vest for Timmervik i Karmsundet.

Største lengde er ca. 400 m og største bredde ca. 100 m, med eit areal på omlag 3.5 ha. H.o.h. er 49 m.

Det er stort sett eit grunt vatn, og har neppe nokon stad djupne over 6-8 m utan at dette er målt.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Botntilhøva er gjørme over det heile.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, nøkkeroser, algevokster og siv (snelle) utgjer vegetasjonen i vatnet.

Nedslagsfeltet femner om snaumark og myr. Her veks røsleng, spredt einer, rome, finnskjegg, pors m.v. i nedslagsfeltet. Stort sett er det mindre kravfulle planter.

Hovudtilsaget kjem frå Holmavatnet i sør-vest og avlaupet renn ut i aust og går i sjøen ved Tømmervik.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 4.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som tilseier påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt 2 stader og ein kom til same resultat pH = 6.4. Dette er mykje bra for aure og forbausande godt etter nedslagsfeltet å døma.

Innhaldet av kalk ( $\text{CaCO}_3$ ) er 4.2 mg/l og den totale hardheita 11.1 mg/l. Vatnet må karakteriserast som kalkfattig, men likevel relativt bra i høve til mange andre analyserte vatn.

Leiingsemna  $K_{18} = 54.7 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-d}$ .

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 7 muslingar, 14 fjærmygglarver, 1 igle, 2 fåbørstemark og 1 vann-nymfelarve - i alt 250 individ pr. m<sup>2</sup>.

5.0 meteren gav som resultat 2 fjærmygglarver, 2 muslingar, 1 vannmid og 1 igle - tilsaman 60 individ pr. m<sup>2</sup>.

Samla resultat syner at der er i minste laget med botndyr i vatnet.

Då praktisk talt alle fiskane vi fekk var tome i magesekken vart der ikkje teke mageprøver.

#### Planktonprøver.


Det vart teke både horisontale og vertikale planktontrekk med planktonhov og ein kom til fylgjande resultat: Ca 50 m hor.trekk var ein rik prøve av hoppekreps og vasslopper, jamnt fordelt.

5.0 m vert.trekk var ein fattig prøve av dei same artene, med innslag av Rotatoner, Capepoditter m.fl.


#### Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, stingsild og ål. Det har vorte opplyst at også sjøaure kan gå opp i dette vatnet, men ingenting tyder på at nokon av dei fiskane vi fekk var sjøaure.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 36 aurar. Fordeler vi fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Fordeler ein fangsten på cm-klassar får vi denne grafiske framsyninga.



Det vart teke prøver av 24 fiskar og av desse var 21 stk. kvite og 3 stk. lys-røde i kjøttet.

10 stk. var hanfiskar og 14 stk. hofiskar, ei normal kjønnsfordeling.

6 stk. av fiskane var angripne av parasittar, sansynlegvis måke-mark.


Ser vi på medeltilveksten og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4.0	8.3	13.7	18.0	21.4	23.3	25.5
Årleg lengdetilvekst i cm	4.0	4.3	5.4	4.3	3.4	1.9	2.2
Antall fiskar	24	24	24	24	21	10	1

Medel kondisjonsfaktor 1.01 tilsvarar fisk av medels god kvalitet.

På neste side har vi satt opp ein vekstkurve for fisken i Tømmervikvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, har fisken i Tømmervikvatnet ein dårleg lengdetilvekst og ligg like frå første år av under normalkurven.



Fisken går mot ei maksimal-lengd på ca. 26-27 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.

Om tilhøva var gode i vatnet, skulle helst kurven vore over normalen, og gjerne kryssa denne ved 5-6 års alder.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må Tømmervikvatnet karakteriserast som eit relativt bra fiskevatn, men overbefolka.

Vasskvaliteten og surheita er som nemnt forbausande god i høve til det nedslagsfeltet skulle tilseie, og grunnen til dette må vera den gjødslinga av vatnet som vart foreteken for få år tilbake. Det vart då nytta 100 kg. fullgjødning.

Vatnet er lite og oversikteleg og fylgjeleg lett å halde under kontroll. Ved å avpasse garnfisket etter vatnet sin bæreemne, kan ein lett få fiskebestandet på det nivå ein sjølv ynskjer. Noko stort fiskebestand vil ikkje vatnet tåle, så ved å redusere det nåverande fiskebestandet noko, vil ein kunne få fram fisk av god kvalitet.

Kondisjonsfaktoren tilseier bra fiskekvalitet, men det var



mykje småfisk vi fekk, og denne har alltid høgare K-faktor enn den større fisken.

Omfarfordelinga fortel at over 65% av fisken vart fanga på dei småmaska garna av omf. 26 og 32 og cm-klassefordelinga seier at storparten av fisken ligg i gruppa 21-24 cm.

Det er småfisken som fullt ut dominerar vatnet i dag og dei større fiskane er mangelvare.

Gytetilhøva er dårlege både i tilsig og avlaup, men det er grunn til å tru at det er i avlaupet fisken gyt.

#### Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å redusere det nåverande fiskebestandet for å gi betre vilkår for fisken som blir att.

Kjøp inn 4 garn: 1 stk. omf. 26, 1 stk. omf. 28, 1 stk. omf. 30 og 1 stk. omf. 32. Set desse garna på ulike stader omkring heile vatnet og gjerne i nærleiken av tilsig og avlaup. Det er særleg om hausten, ved gytetid og mørke, lange netter ein kan få bort mest fisk.

Ved å drive dette garnfisket i eit par år vil mykje ha retta på seg og ein vil allereie etter desse åra sjå skilnad på fisken.

Noté ned antall fiskar som vert fanga kvart år og den samla vekta på desse. Det vil vera av interesse seinare å sjå dette.

Der er ingen tvil om at ein vil få fram fin fisk i vatnet når bestandet blir redusert.

6 stk. av prøfefiskane våre (25%) var angripne av måkemark og det er difor om å gjere å halde måken borte frå vatnet. Då det er dei faste måkestammene, som gjerne hekkar i nærleiken, som er dei mest farlege, er det desse ein fyrst og fremst må halde borte. Måke som kjem på ein snarvisitt inn frå sjøen er som regel meir ufarlege. Grav alltid fiskeslo og anna fiskeavfall forsvarleg ned.

Då det er ål i vatnet, og dette er ein godt betalt matfisk, må ein nyttiggjera seg denne. Dette kan lett ordnast ved å plassere ei ålemér på ein høvande stad i avlaupsbekken. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Etter det folk kan fortelje, går der sjøaure opp i Tømmervikvatnet. Då avlaupet er såpass lite og kronglut vil det sikkert ikkje vera mykje sjøaure som går denne vegen, men om laupet sume stader vart oppreinska og utbetra kunne kanskje noko sjøaure gå opp. Det er sjølv sagt ei føremun om dette let seg gjera.

Då grunneigaren er interessert i å setje ut regnbueaure må der i såfall søkjast om dispensasjon til dette. Det er ikkje utan vidare tillete å setje ut andre fiskeslag i eit vatn, enn dei

fiskeslaga vatnet frå før inneheld.

Forsåvidt er det grunn til å tru at dette vatnet kunne eigna seg godt for regnbueaure, men avlaupet måtte i såfall stengjast, då regnbueauren har lett for å gå ut og koma bort.

Om dette med regnbueaure framleis har interesse vil underskrivne vera hjelpesam med søknaden om dispensasjon m.v.

Vi kan etter 3-4 år ta ein ny analyse for å sjå korleis tilheva då ligg an.

Stavanger 9/3 1971

Einar Berg